

## Investeringsbudsjettet 2024-2027

Total investeringsramme for 2024 er 850 000,-.

For perioden 2025-2027 er ramma stipulert til 2.000.000

	Investeringsbudsjett							Budsjet 2024-2027
	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	
Bryne kyrkje	0	0	200	400	200	200	200	1 000 000
Time kyrkje	0	0	100	150	150	150	150	600 000
Undheim kyrkje	0	0	120	50	100	100	100	350 000
Frøyland og Orstad kyrkje	0	0	150	150	100	300	100	650 000
Kyrkjesatsing på Lye	0	0	0	0	50	50	50	150 000
Time bårehus	3500	0	0	100	0	0	0	100 000
<b>Sum</b>	<b>3500</b>	<b>0</b>	<b>645</b>	<b>850</b>	<b>600</b>	<b>800</b>	<b>600</b>	<b>2 850 000</b>

### Bryne kyrkje.

Det er i 2023 planlagt/gjennomført følgende tiltak, finansiert gjennom gaver frå ideelle stiftingar og løyvde midlar frå Time kommune:

\* Innvendige og utvendige lyskastarar til opplysning av glaskunst

\* Sjøppelskur

I 2024 er det planlagt utskifting av pendlar i kyrkjesal. Dette er finansiert gjennom allereie løyvde midlar frå og økonomisk ramme frå Time kommune.

Den vidare planen for rehabilitering vil bestå av bl.a:

\* Rehabilitering av våpenhus og samtalerom.

\* Utskifting av sidedører kyrkjerom.

\* Energiforbruk/varmestyring.

\* Utskifting av vindusfasade på framsida og langsider.

\* Heis/universell utforming mellom etasjane.

\* Digitalisering av orgel, samt luftfukter.

\* Utredning av sprekkdannelser i mur.

\* Oppgradering av noverande barnehagelokale til kyrkjeleg bruk.

\* Oppgradering av grøntområde i samband med nytt barnehagebygg/kyrkjekontor.

Desse tiltaka vil dels finansierast gjennom allereie løyvde midlar og økonomisk ramme frå Time kommune, samt gjennom gaver frå ideelle stiftingar og tilskot frå offentlege støtteordningar.

Det er lagt inn stipulert ramme til mindre rehabiliteringstiltak frå 2025. I tillegg til dette vil det snart melda seg behov for å skifta taket på Bryne kyrkje. Kyrkja er bygd i 1979 og det er ikkje gjort utbetringar på taket etter den tid. I samband med med nytt tak vil det vera naturleg å vurdere montering av solseller. Kostnaden med dette er ikkje med i den stipulerta ramma då me pr. i dag ikkje har oversikt over kva dette vil koma på.

Time kyrkjelege fellesråd er i gang med planarbeid for tilbygg til Bryne kyrkje. Tilbygget skal innehalda kyrkjekontor og utviding av barnehagen. Viser til eigen søknad om finansiering av dette prosjektet.

Investeringsbehov 2024: 0,-

### **Time kyrkje.**

Det er i 2023 planlagt/gjennomført følgende tiltak, finansiert gjennom gaver frå ideelle stiftingar og løyvde midlar frå Time kommune:

- \* Spotlight innvendig
- \* Lyskastere utvendig
- \* 3D scanning

I 2024 er det planlagt utskifting av ringesystem samt fjernstyring av kyrkjeklokkene. Dette er finansiert gjennom allereie løyvde midlar og økonomisk ramme frå Time kommune.

Den vidare planen for rehabilitering vil bestå av bl.a:

- \* Forhøying og sikring av gelender på galleri.
- \* Utredning om evt endring av farger i kyrkja, tilbake til originalt frå før 1959.

Desse tiltaka vil dels finansierast gjennom allereie løyvde midlar og økonomisk ramme frå Time kommune, samt gjennom gaver frå ideelle stiftingar og tilskot frå offentlege støtteordningar.

Det er lagt inn stipulert ramme til rehabiliteringstiltak frå 2025.

Investeringsbehov 2024: 0,-

### **Undheim kyrkje.**

Det er i 2023 planlagt/gjennomført innstalering av ny varmepumpe. Prosjektet er finansiert gjennom løyvde midlar frå Time kommune.

Det ligg ikkje umiddelbare rehabiliteringsbehov i Undheim kyrkje.

Det er lagt inn stipulert ramme til rehabiliteringstiltak frå 2025.

Investeringsbehov 2024: 0,-

### **Frøyland-Orstad kyrkje.**

FOK er no blitt 14 år gammal og det byrjer å melde seg rehabiliteringsbehov. Det er i 2023 planlagt/gjennomført følgende tiltak, finansiert gjennom gaver frå ideelle stiftingar og løyvde midlar frå Time kommune:

- \* Utsifting/ oppgradering av scenegolv.

I 2024 er det planlagt overgang til ledlys i kyrkjesal. Dette er finansiert gjennom allereie løyvde midlar og økonomisk ramme frå Time kommune.

Den vidare planen for rehabilitering vil bestå av bl.a:

- \* Utsifting av lamper grupperom
- \* Nytt golv i kyrkjesal

Alle kostnader til FOK vert delt likt mellom Klepp og Time, og tilsvarande prioritering vert gjort til Klepp kommune. Time sin del av kostnadane vil finansierast gjennom allereie løyvde midlar og økonomisk ramme frå Time kommune, samt gjennom gaver frå ideelle stiftingar og tilskot frå offentlege støtteordningar.

Det er lagt inn stipulert sum til rehabiliteringstiltak frå 2025.

Investeringsbehov 2024: 0,-

### **Kyrkjesatsing på Lye - Lye forsamlingshus.**

Time kyrkjelege fellesråd følgjer med på utviklinga og utbygginga på Lye mht behov for utviding av Lye forsamlingshus eller framtidig kyrkjebygg på Lye. Det er ikkje spelt inn behov for oppgraderingar av eksisterande lokale i forsamlingshuset.

Investeringsbehov 2024: 0,-

Det er lagt inn stipulert ramme til planarbeid utbygging Lye forsamlingshus frå 2025.

### **Gravplassforvaltning og bårhus**

Time bårhus blei ferdig rehabilitert i 2022 og er blitt eit tenleg lokale.

Det er i 2023 planlagt/gjennomført følgande tiltak finansisert gjennom festeavgift:  
\*tursti frå Vestly, gjennom den nye gravplassen og vidare ned til kyrkja.

Det livssynsopne seremoniromet er blitt nytta til fleire gravferder etter opninga, både kyrkjelege og andre trus- og livssynssamfunn. I samband med dette er det kome ynskje om å få digitalt orgel til bårhuset. Eit godt digitalt orgel til eit rom på denne storleiken vil kosta omlag 100.000,-

Frå kyrkja og vidare ned til rv 505 er det stort behov for asfaltert fortau langs rv 206 for å sikra gåande og syklende.

Fellesrådet ber Time kommune utreda dette.

Investeringsbehov 2024: 0,-

### **Øvrige innspel**

#### *Fortau*

Frå kyrkja og vidare ned til rv 505 er det stort behov for asfaltert fortau langs rv 206 for å sikre gåande og syklende.

Fellesrådet ber Time kommune utreda dette ved første høve.

## Driftsbudsjett 2024-2027

Nye tiltak/ auka pensjonskostnadar for 2024 er 675.000,-.

For perioden 2024-2027 utgjer summen av nye tiltak/ auka pensjonskostnarar 2.900.000,-.

	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	Budsjett 2024-2027
Kommunalt tilskot, grunnbeløp*	8 284	8 572	9 215	9 265	9 265	9 265	9 265	37 060
Diakonstilling	-	-	-	-	-	-	-	-
Trusopplæring/ungdomsarbeid	-	-	-	-	-	-	-	-
Sang og musikk Bryne	-	-	-	75	75	75	75	300
Frøyland-Orstad	80	160	50	50	50	50	50	200
Verneverdige gravminne, rehab	-	-	-	-	-	-	-	-
IT, digitalisering	-	-	-	-	-	-	-	-
Generell styrking av driftsbudsjettet	-	-	-	600	600	600	600	2400
Sum	8 364	8 732	9 265	9 990	9 990	9 990	9 990	39 960

\* Lønns- og prisvekst kjem i tillegg

### Frøyland-Orstad (FOK) - dagleg leing og vedlikehald

Driftsutgiftene for Frøyland-Orstad vert delt mellom Klepp og Time kyrkjelege fellesråd, med tilskot frå kommunane. Opphavleg sum til dekking av desse utgiftene var ved opstart av soknet sett til 1,1 mill. delt 50/50 mellom Klepp og Time. Etter årlege lønns-/prisjusteringar har summen frå 2009 til 2021 auka frå 550.000 til 744.000,- på kvar. I denne perioden har driftsutgiftene for FOK auka i tråd med alder på bygg, og behovet for administrativ hjelp har blitt større. I avtala som vart underskriven i 2009 står det at FOK skal ha same vilkår som tilsvarande sokn i Klepp og Time. Klepp har allereie gitt tilskot til sin halvdel av ein 100% stilling i FOK, og Time har planlagt ei trinnvis opptrapping frå 2021-2023.

I tråd med alder på bygget og auke i aktivitetsnivå, auker òg kostnad til vedlikehald. I 2023 blei det gitt ein auke i tilskotet på kr. 50.000,-. I 2024 er det lagt til ei yttarlege styrking på kr. 50.000,-. Klepp kyrkjelege fellesråd har fått auka sitt tilskot frå Klepp kommune til generelt vedlikehald og vil prioritere lik sum som Time til FOK, i tråd med avtala om deling av kostnader.

Auke i vedlikehald/driftsutgifter 2024: 50.000,-

### Gravplassane

Rehabilitering av bårhuset blei noko dyrare enn løyvde midlar frå Time kommune. Dette blei forhåndsfinansiert av disposisjonsfond til Time og må dekkas inn gjennom auke i festeavgift som får full effekt i 2024.

### Framtidige innspel:

Kyrkja i Time har dei siste åra satsa tungt på barn og unge, og har gjennom givarmidle i Bryne, Time og Undheim, samt fondsmidle og tilskot frå Stavanger Bispedømme, fått på plass følgande stillingar:

- \* 100% Ungdomsleiar (Ung i Time)
- \* 30% ungdomsarbeidar på Lye
- \* 30% ungdomsarbeidar på Undheim
- \* 50% barne- og ungdomsdiakon

Kyrkjelydane i Time ønskjer å fortsette satsinga på denne viktige målgruppa og vil i framtidige innspel legge fram planar for utviding av stillingane retta mot barn og unge. Det er eit mål å etablere enda nærare samarbeid med lag, organisasjonar og Time kommune for å få til meir arbeid på tvers. Særleg på området diakoni/omsrogsarbeid ønskjer kyrkja å løfte fram eit behov. Oppretting av 50% stilling som barne-/ungdomsdiakon har som uttalt mål å arbeide på tvers av organisasjonar og auke det frivillige engasjementet. Ønsket er å auke denne stillinga til 100% i løpet av dei neste åra.

Brynekyrkja ønskjer å styrke sangglede og sangbruk gjennom musikkaktiviteter for å lære opp barn og unge, og dermed vere med å bidra til å oppfylle FNs bærekraftsmål nr. 3 - Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle uansett alder. I samband med dette søker Bryne sokneråd om støtte til ein 10 % stilling innan song og musikk for å driva babysong, småbarnstrall, barnekor og tweenskor, og sang og musikkglede blant vaksne. Allereide frå hausen 2023 legg dei ein del av samlingane i Babysong til Sivdamheimen til felles glede for store og små.

På same måte som satsingar på til dømes demenskor er det eit stor potensiale for glede og god helse i denne satsinga.

Me vonar Time kommune vil sjå positivt på at kyrkja er med å tek ein aktiv rolle i dette viktig allmenne arbeidet.

Det har vore ein betydeleg auke i pensjonskostnadar det siste året. Premieprognose for 2022 var på 15,72 % medan den i 2023 er på heile 21,69 %. Etter lønnsoppgjeret vil truleg premieprognosen for 2023 auka ytterlegare og enda på ca. 25 %. For 2024 ser me behov for auke i det generelle driftstilskotet på kr 600.000,- for å oppretthalda nåværande stillingsressurs.

Viser til revidert nasjonalbudsjett der der er foreslått auke i rammetilskotet til kommunane med tanke på kommunens finansieringansvar for drift av lokalkyrkja.

### **Oppsummert**

Forslaget til årleg auke i fellesrådet sitt driftsbudsjettet:

Frøyland-Orstad - drift/vedlikehald	kr 50 000,-
Auka pensjonskostnadar	kr 600 000,-
Auka stillingsressurs Bryne	kr 75 000,-
<u>Sum</u>	<u>kr 725 000,-</u>